

# Årsmelding 2013



I 2013 feira musikkterapiutdanninga på Vestlandet 25 år. Studiet sprang ut frå erfaringane Brynjulf Stige og kollegaene gjorde gjennom «Gloppenprosjektet», der målet var å lage eit musikktilbod til grupper som då stod utanfor musikklivet i lokalsamfunnet. I dag heiter det samfunnsmusikkterapi, den gongen «kulturarbeid som musikkterapi».



# Innhald

DEL 1: INNLEIING OG OVERSIKT .....	2
Bakgrunn, mål og strategi .....	2
Tilbakeblikk og oppsummering, 2013 .....	2
DEL 2: RAMMER OG VILKÅR.....	5
Organisasjon og økonomi.....	5
Andre samarbeidsrelasjoner .....	6
DEL 3: FAGLEG AKTIVITET.....	7
Forskningsprosjekt.....	7
Tidsskriftsdrift.....	9
Publisering og andre formidlingsoppgåver .....	9
DEL 4: PRIORITERTE SATSINGAR OG VIDARE UTVIKLING.....	11
Rammer for utvikling: Behov for auka utdanningskapasitet i musikkterapi .....	11
Strategisk satsing i 2013: Arbeid med SFI-søknaden "BIRC-MAHR" .....	11
Tematiske satsingsområde .....	12
DEL 5: VEDLEGG.....	13
Vedlegg 1 – Rekneskap GAMUT 2013.....	13
Vedlegg 2 – Personale i 2013 .....	14
Vedlegg 3 – Nokre nyhende 2013, frå vefsida <a href="http://www.gamut.no">www.gamut.no</a> .....	15
Vedlegg 4 – Liste over publikasjonar og faglege presentasjonar 2013.....	16
Vedlegg 5 – Medieoppslag om GAMUT .....	20

## DEL 1: INNLEIING OG OVERSIKT

### Bakgrunn, mål og strategi

GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning vart etablert hausten 2006, samstundes som musikkterapi vart etablert som fag ved Universitetet i Bergen. UiB og Uni Helse samarbeider om å utvikle GAMUT. Gjeldande mål og strategi vart formulerte i januar 2008 (sjå "Om oss" på senteret si heimeside). Det er i 2013 ikkje gjort vesentlege endringar i høve til mål og strategi, så vi skal her berre oppsummere nokre hovudtrekk:

#### Mål

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren.

#### Arbeidsområde

GAMUT forskar på forholdet mellom musikk og helse, i kliniske og kvardagslege samanhengar. Forskningsresultat vert i hovudsak publiserte i fagfellevurderte internasjonale tidsskrift og i monografiar/bøker. Konkrete formidlingsaktivitetar utover dette omfattar kronikkar og andre former for popularisert formidling, rettleiing for aktuelle fagpersonar og miljø og dessutan populariserte forskingsbaserte kurs og foredrag.

GAMUT er vidare ein sentral aktør innan publisering av internasjonale musikkterapidtidsskrift, som utgjevar av det verdsomspennande tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* (nivå 1, Open Access) og det internasjonale tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy* (nivå 2, drive i samarbeid med Routledge).

#### Strategi

Sentrale strategiar for utvikling av GAMUT er:

- Utvikling av eit tett samarbeid mellom musikkterapifarane ved UiB og Uni Helse
- Inkludering av og samarbeid med masterstudentar og doktorgradskandidatar
- Tverrfagleg samarbeid med aktuelle forskingsmiljø ved UiB og Uni Helse
- Tverrfagleg samarbeid med regionale og nasjonale institusjonar
- Samarbeid i internasjonale forskingsnettverk

### Tilbakeblikk og oppsummering, 2013

#### Nytt og godt

2013 vart eit svært hendingsrikt år for GAMUT. Det har m.a. vore eit godt jubileumsår og eit godt publiseringsår. Det har også vore eit år med eit viktig nasjonalt gjennombrot for fagfeltet, med implikasjonar for praksis, utdanning og forsking i mange år framover.

Som forskingssenter spring GAMUT altså ut av eit samarbeid mellom Griegakademiet ved UiB og Uni Research Helse. 25-års-jubileet til musikkterapiutdanninga ved Griegakademiet var difor også eit viktig jubileum for GAMUT som forskingssenter. Utdanninga vart etablert på Sandane i Nordfjord i 1988. Dette vart markert med ein jubileumskonferanse ved UiB 20. september, med innlegg frå ulike støttespelarar og aktørar gjennom studiet si historie.

Same år som studiet markerte sitt 25-årsjubileum, vart UiBs femårige integrerte masterprogram i musikkterapi ferdig oppbygd. For første gong hadde ein då studentar på alle fem trinn i studiet, noko som sjølv sagt er ein viktig milepåle for framtidig utvikling av praksis- og forskingsfelt. 2013 gav også høve til å markere andre "runde år" innan musikkterapien i regionen, nemleg 30 år for praksisutvikling og 10 for forskningsutvikling. Dei to første musikkterapistillingar på Vestlandet vart etablerte som prosjektstillingar på Sandane i Nordfjord i 1983, noko som opna for etableringa av studiet fem år seinare. Den første forskingsgruppa i musikkterapi i Noreg vart etablert på Sandane i 2003, med basis i prosjekttildeling frå Norges forskingsråd og støtte frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Denne gruppa vart basis for etableringa av GAMUT tre år seinare.

At praksisutvikling, utdanning og forsking har runde år samtidig er sjølv sagt tilfeldig, men det er god symbolikk i det, då desse delområda heng tett saman i ein disiplin som musikkterapi. Den høge publiseringsaktiviteten ved GAMUT i 2013 (sjå Del 3 og Vedlegg 4) signaliserer at GAMUTs forsking er i god utvikling og at miljøet maktar å følgje opp NFR si evaluering i 2011, der senteret vart vurdert til å ligge i forskingsfronten internasjonalt. God forsking er ein føresetnad både for utvikling av ei sterkt utdanning og ein solid praksis. Det er difor gledeleg for norsk musikkterapi at 2013 representerte eit gjennombrot for musikkterapeutisk praksisutvikling: M.a. med støtte i forsking utført av GAMUT, gjev dei nye nasjonale retningslinjer for utgreiing, behandling og oppfølging av personar med psykoselidinger ei klår tilråding av musikkterapi, med presisering av at musikkterapeutisk behandling må utførast av terapeutar med godkjend utdanning i musikkterapi. Retningslinjene kom i juni 2013, og dette er første gong at musikkterapi kjem

med i Helsedirektoratet sine faglege retningslinjer. Som ein følgje av dette går musikkterapifeltet inn i ei viktig brytingstid dei nærmaste åra. I eit par tiår har musikkterapi vore etablert som eit ressursorientert alternativ innan psykisk helsevern her i landet, men berre etablert gjennom lokale initiativ og difor nokså marginalt i omfang. Musikkterapi er no anerkjend av helsemyndighetene på ein ny måte, og ein prosess med å gjere faget og profesjonen meir integrert i den langsigte tenesteutviklinga i helsevesenet kan initierast.

Etter at Helsedirektoratet sine tilrådingar i psykoseretningslinjene vart kjende, valde familjøet å følgje opp med to initiativ: For det første valde GAMUT å respondere på NFR si SFI-utlysing i 2013. Søknaden "BIRC-MAHR: Bergen Innovation and Research Cluster for Music as a Health Research" hadde fokus på samspelet mellom systematisk praksisutvikling og praksisnær forsking og mobiliserte ei rekke samarbeidspartar i Bergensregionen. For det andre valde familjøet mot slutten av året å spele inn forslag til leiinga for UiB om å utvide utdanningskapasiteten ved det femårige integrerte masterstudiet, med auke frå 12 til 24 i årleg opptak av studentar så snart det er mogeleg å få fullfinansiert nye studieplassar. Dette for å kunne vere klar til å møte ein situasjon der musikkterapi vert implementert i helsevesenet på ein meir systematisk måte enn det som har vore tilfelle til no.

2013 var også året då norsk musikkterapi for første gong var vertskap for ein europeisk musikkterapikonferanse. The 9th European Music Therapy Conference vart arrangert ved Norges musikhøgskole i Oslo 7.-10. august. GAMUTs forskingsleiar, Brynjulf Stige, var chair for konferansen, medan forskingsleiar ved NMHs Senter for musikk og helse, Gro Trondalen, var chair for konferansens vitskaplege komité. Under konferansen vart desse to tildelt The EMTC Award 2013 frå The European Music Therapy Confederation, med ei grunnjerving som la stor vekt på det unike samarbeidet som er bygd opp mellom dei to utdannings- og forskingsmiljøa i Noreg. Slik sett er dette difor ein pris til heile familjøet. Mykje tyder på at både samarbeids- og konkurranseseevne vil vere viktig i møte med dei utfordringane og mogelegheitene som norsk musikkterapi no står framføre.

## NFR-finansierte prosjekt

Prosjektet "Music therapy for children with ASD (TIME-A)" er ein multisenter RCT på effekten av improvisasjonsbasert musikkterapi med barn med autisme, den største i sitt slag internasjonalt. Prosjektet fekk støtte frå to ulike program i NFR i 2011, og fekk difor samla ca. 15 millionar kr. Christian Gold er prosjektleiar og Karin Mössler ansvarleg for den norske greina av prosjektet. Postdoktor Łucja Bielenik og statistikar Jörg Assmus arbeider også i dette prosjektet. Vi saksar frå prosjektet si engelskspråklege nettside:

TIME-A is the first well-controlled effectiveness study and largest randomised controlled trial on non-pharmacological therapy for autism so far. It is funded by the Research Council of Norway and builds upon a collaboration of seven countries worldwide.

It aims to include a total of 300 children with ASD and will focus on the core symptoms of autism, examining whether music therapy improves social communicative skills in children with ASD.

## Andre prosjekt

"The quality of the relationship as outcome predictor in music therapy with children with autism spectrum disorders" har totalt fått ei løying på kr 1,2 millionar frå Helse Vest. Prosjektleiar er Wolfgang Schmid. Karin Mössler arbeider også i prosjektet, som spring ut av TIME-A, men har relevans ut over dette.

"Nettverket musikk og eldre: Samarbeid om forsking og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre" – finansiert av GC Rieber Fondene – vart ført vidare i 2013, med praksisutvikling, formidling og forsking/publisering.

Innanfor UiB-delen av forskningsressursen er der fleire pågåande prosjekt, m.a. kvalitativ utforsking av ressursorientert musikkterapi i psykisk helsearbeid, arbeid med eit teoretisk grunnlag for samfunnsmusikkterapien, og eit kunstnarisk utviklingsarbeid (In Visible Hands) med tilhøyrande kvalitative studiar.

Som det går fram av Del 3, var det totalt 14 aktive prosjekt i GAMUT i 2013.

## Tidsskriftsdrift

*Nordic Journal of Music Therapy*, utgitt i samarbeid med Routledge, er inne i ei svært positiv utvikling. Tidsskriftet har hatt ein kraftig vekst i impact-faktor og er no det klårt mest siterte forskingstidsskriftet i musikkterapi internasjonalt. For *Voices: A World Forum for Music Therapy*, eit inkluderande Open Access-tidsskrift, vart 2013 eit viktig år, med store endringar i redaksjonen og omfattande prosesser for utvikling og tydeleggjering av tidsskriftet sin profil. Begge dei to internasjonale tidsskrifta som GAMUT gjev ut, brukte den europeiske konferansen arrangert i Oslo i august som ein arena for dialog med lesarar, forfattarar, fagellar og redaktørar.

## Samfunnkontakt, praksisrelevans og samarbeidsrelasjonar

Som tidlegare år har familjøet ved GAMUT også i 2013 vore aktivt i høve til musikkterapeutisk praksisutvikling, m.a. gjennom deltaking i eit nasjonalt nettverk på rusfeltet. Viktigaste reiskapen for samfunnkontakt og samfunnsdeltaking er elles publisering og ulike former for formidling, og dette har som tidlegare vore prioritert høgt (sjå Del 3 og ulike vedlegg). Samarbeidsrelasjonar er som tidlegare

utvikla både regionalt, nasjonalt og internasjonalt, der arbeidet med SFI-søknaden i 2013 førte med seg ei vesentleg styrking av regionale relasjoner, både i høve til det kommunale tenestenivået og ulike helseføretak i regionen.

## Personale og organisasjon

2013 har vore eit mellomår i høve til personale og organisasjon. Der var ingen nytilstetjingar i GAMUT dette året og ingen vesentlege organisasjonsendringar. Som omtalt i årsmeldinga for 2012, vart ein samarbeidsavtale mellom UiB og Uni Research om GAMUT ferdig utarbeidd på seinhausten 2012 og sendt til leininga for dei to organisasjonane for signering. Avtalen vart ikkje signert i 2013, men vi kjenner ikkje til at der er vesentleg usemje om avtalen og reknar difor med at dette formaliserte samarbeidet kan etablerast i 2014.

## Utfordringar

Sidan etableringa av det femårige integrerte masterstudiet ved UiB i 2010, har oppbygginga av dette studiet vore ei hovudoppgåve for dei UiB-tilsette. Prosessen har vore krevjande, m.a. av di

oppbygginga av studieplassar har gått raskare enn tilsetjing i fagstillingar. Når studiet i 2013 vart ferdig oppbygd på studentsida og den sjette fagstillinga ved UiB kjem på plass i 2014, vil det etter kvart vere mogeleg å stabilisere situasjonen, slik at ein får føreseielege rammer for utvikling av universitetsforskning i musikkterapi. I åra framover må dette vere ei prioritert oppgåve.

For Uni-delen av GAMUT sin aktivitet er det (handterlege) utfordringar knytt til det å generere eksternt finansierte prosjekt. TIME-A-prosjektet, der delar av datainnsamlinga skjer i Noreg, er ei påminning om at svak praksisutvikling er ei utfordring for musikkterapiforskninga i Bergen. Det er etablert eit godt samarbeid med Haukeland universitetssjukehus og med musikkterapeutiske fagmiljø i Bergen kommune i dette prosjektet, men det at det er såpass lite etablert praksis på feltet gjer arbeidet krevjande. Dei to initiativa som vart omtala under "Nytt og godt", nemleg SFI-prosessen og forslaget om å utvide UiBs utdanningskapasitet i musikkterapi, kan sjåast i relasjon til dei utfordringane som er beskrivne over, då målsetjingar for initiativa m.a. omfattar bygging av praksisfeltet og styrking av ressurssituasjonen ved musikkterapistudiet.



Helsedirektoratets nye nasjonale faglige retningslinjer for utredning, behandling og oppfølging av psykoselidelser anbefaler bruk av musikkterapi.

Musikkterapi fremmer tilfriskning, og behandlingen bør starte i en så tidlig fase som mulig med henblikk på å redusere negative symptomer. Behandlingen må utføres av terapeuter med godkjent utdanning innen musikkterapi. (s. 70)

Dette er essensen av Helsedirektoratets anbefalinger om musikkterapi i de faglige retningslinjene for psykosefeltet. Musikkterapi er gitt høyeste gradering og kunnskapsgrunnlaget for behandlingen er vurdert til høyeste evidensnivå.

GAMUT står for en vesentlig del av den forskningen Helsedirektoratet har bygd på i arbeidet med de nye retningslinjene.

## DEL 2: RAMMER OG VILKÅR

### Organisasjon og økonomi

GAMUT har forankring både som forskingsgruppe ved Griegakademiet, UiB, og som ei eining under Uni Helse. Samspelet mellom UiB og Uni Research er ein føresetnad og avgjerdande styrke for forskingssenteret. Det er i åra framover behov for å styrke rammene for forskingsaktiviteten, både i UiB-delen og Uni-delen av senteret. Det er både behov for fleire seniorstillingar og fleire stipendiat- og postdoktorstillingar.

Medrekna stipendiatar og andre mellombelte stillingar, har 14 fagpersonar og 3 førstekonsulentar på ulike vis vore knytt til GAMUT-prosjekt i 2013 (sjå Vedlegg 2).

#### Finansiering og økonomi 2013

Aktiviteten i GAMUT er i balanse økonomisk, sjå Vedlegg 1. Omsetjinga har gått monaleg opp sidan 2012, frå kr. 3 214 014 til kr. 4 984 066, noko som først og fremst skuldast auke i eksternt finansierte prosjekt. Følgjande kjelder har stått for ekstern

#### ORGANISASJON 2013

Forskinsleiar: Brynjulf Stige

Programkoordinator UiB: Simon Gilbertson

Prosjektleiarar eksternt finansierte prosjekt:  
Christian Gold, Wolfgang Schmid og Brynjulf Stige

Redaktørar *NJMT*

Editor-in-Chief: Christian Gold. Associate editors: Brian Abrams (USA), Lars Ole Bonde (Danmark), Joke Bradt (USA), Cochavit Elefant (Israel), Simon Gilbertson, Jinah Kim (Korea).

Redaktørar *Voices*

Journal editors: Brynjulf Stige, Cheryl Dileo (USA), Carolyn Kenny (USA). – Susan Hadley (USA) og Katrina McFerran (Australia) tok over for Kenny og Dileo frå 6. aug. Article editors: Juanita Eslava-Mejia (Colombia), Seung-A Kim (USA), Helen B. Oosthuizen (Sør-Afrika), Simon Procter (Storbritannia), Daphne J. Rickson (New Zealand), Melody Schwantes (USA), Michael Vega (USA).

Førstekonsulent *NJMT/Voices*: Rune Rolvsjord

Førstekonsulent GAMUT: Kristian C. Wedberg i vikariat fram til 30. juni/Liv Gunnhild Qvale attende i stilling frå 1. august.

prosjektfinansiering i 2013 (alfabetisk rekkefølgje):

- Ekstramidler Helse- og rehabilitering
- Foreningen for muskelskyke (Forskningsfondet om nevromuskulære sykdommer)
- GC Rieber Fondene
- Griegakademiet – institutt for musikk
- Helse Vest
- Nordisk publiseringsnemnd for humanistiske og vitenskapelige tidsskrifter (NOP-HS)
- Norges forskningsråd
- Routledge (Taylor & Francis)
- University of Melbourne

I tillegg kjem prosjekt med fagleg tilknyting til GAMUT, men med finansiering og arbeidsgjevaransvar knytt til annan institusjon, som Viggo Krügers barnevernsforskning finansiert av Aleris Ungplan & BOI.

### Samarbeidsrelasjonar innan UiB og Uni Research Helse

Samarbeidet mellom musikkterapifaget ved UiB og forskingssenteret ved Uni Helse er heilt sentralt for GAMUT. Det er vanskeleg å tenkje seg det eine miljøet utan det andre. I tillegg til dette faginterne samarbeidet, legg familjøet vekt på å utvikle ulike tverrfaglege samarbeidsrelasjonar, m.a. innanfor UHnett Vest. Nedanfor vil vi kort skissere arbeidet med dette i 2013. Samla sett har GAMUT eit svært gode nettverk, der eksisterande relasjonar genererer nye.

#### Humanistiske fag

Viktigaste reiskapen for tverrfagleg samarbeid innan musikkfag i regionen er Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies (GRS), som samordnar forskaropplæringa i musikkpedagogikk, musikkterapi, musikkvitenskap og utøvande disciplinar i Vestlandsregionen. 4 institusjonar samarbeider om forskarskulen: Høgskulen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund, Høgskulen i Volda og Universitetet i Bergen. GAMUT var aktive i prosessen med å etablere forskarskulen i 2009 og 2010 og forskarar ved GAMUT har hatt ansvaret for leiing av forskarskulen frå etableringa i desember 2010, først Brynjulf Stige og frå 2012 Jill Halstead. Førstekonsulent Liv Gunnhild Qvale har vore kjøpt fri frå delar av rolla si ved GAMUT for å stå for den administrative koordineringa av GRS.

#### Medisinske fag

Gjennom Uni Helse er det etablert fruktbar kontakt og samarbeid med Allmennmedisinsk forskningsenhet (AFE Vest). Gjennom Haukeland universitetssjukehus har det utvikla seg eit samarbeid i høve til nevrorehabilitering, med prosjektsamarbeid

med overlege Geir Olve Skeie. TIME-A har også styrkt samarbeidsrelasjonane med Haukeland universitetssjukehus, særleg opp mot forskrarar og fagpersonar ved PBU (Klinikks psykisk helsevern for barn og unge). GAMUT si deltaking i TVEPS (Senter for tverrprofesjonell samarbeidslæring i primærhelse-tjenesten) vil også kunne opne for framtidige tverrfaglege prosjekt med medisin og andre helsefag.

### Psykologiske fag

Samarbeidet med ulike psykologiske fagmiljø ved UiB er etablert m.a. i høve til kriminalomsorg og klinisk psykologi. Vidare er det etablert ein god samarbeidsdialog med Regionalt kunnskapssenter for barn og unges psykiske helse (RKBU Vest). I samband med utviklinga av SFF-søknaden vart gode samarbeidsrelasjonar utvikla også med professor Karsten Specht ved fMRI-gruppa ved Institutt for biologisk og medisinsk psykologi.

### Andre samarbeidsrelasjonar

Fagmiljøet i musikkterapi har tradisjon for å arbeide i faglege nettverk, lokalt/regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette har ein søkt å vidareutvikle også i 2013.

### Regionale/nasjonale samarbeidsrelasjonar

Formalisert samarbeid er inngått med følgjande regionale/nasjonale instansar:

- Aleris Ungplan & BOI, Vest
- Allmennmedisinsk forskningsenhet (AFE Vest)
- Bergen kommune
- Bergensklinikken
- Kriminalomsorgen Vest
- Kulturskulen i Fjell
- Lovisenberg Diakonale Sjukehus

- NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus
- Opplevings- og læringssenteret VilVite, Bergen
- Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest)
- Senter for musikk og helse, Norges musikkhøgskole
- Sogn og Fjordane fylkessenter for musikkterapi
- Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane
- Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland

### Internasjonale nettverk

Internasjonale nettverk i musikkterapi omfattar bl.a. samarbeid med:

- Anglia Ruskin University, Cambridge, England
- Katholieke Universiteit, Leuven, Belgia
- Temple University, Philadelphia, USA
- University of Jyväskylä, Finland
- University of Melbourne, National Music Therapy Research Unit/NaMTRU), Australia
- University of Roehampton, Centre for Arts Therapies Research, London.
- Aalborg Universitet

Internasjonale nettverk i musikkterapi omfattar bl.a. medlemsskap i International Consortium of Nine Music Therapy Research Universities. Vidare er det solide internasjonale nettverk knytt til dei to vitskaplege tidsskrifta GAMUT gjev ut: *Nordic Journal of Music Therapy* har tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer, redaksjonskontaktar og språkkonsulentar frå 18 ulike universitet og institusjonar i Europa, USA, Asia og Australia. Tilsvarande har tidsskriftet *Voices: A World Forum for Music Therapy* eit tett samarbeid med redaksjonsmedlemmer og fagellar fordelt på 21 ulike land, der alle kontinent er representerte.



Tverrfagleg samarbeid er vesentleg for utviklinga av musikkterapifaget. Ein viktig reiskap er forskarskulen Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies. Leiari for forskarskulen er GAMUT-forskar Jill Hallstead. Her eit bilete frå ei av forskarsamlingane.

## DEL 3: FAGLEG AKTIVITET

### Forskningsprosjekt

Vi gjev her eit oversyn over GAMUT sine forskningsprosjekt i 2013. Meir informasjon tilgjengeleg på nettsidene [www.gamut.no](http://www.gamut.no)

#### A qualitative study of clients' roles, competence and actions in resource-oriented music therapy

Tidsperiode: 2010-2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Forskar/Prosjektleiar: Randi Rolvsjord

#### Barn og uro. En undersøkelse av begrepet "uro" i barnehagen i en musikkterapikontekst (PhD-prosjekt)

Tidsperiode: august 2011-juli 2016  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Kandidat: Anna Helle-Valle  
Medrettleiar: Per Einar Binder og Normann Andersen (begge RKBU, Uni Helse og Psykologisk Fakultet, UiB),  
Hovudrettleiar: Brynjulf Stige

#### In audible movements: A multidisciplinary collaborative research project investigating interrelations between physical movement and musical structures in multidisciplinary music improvisation

Tidsperiode: 2013-2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen, Griegakademiet  
Prosjektleiar: Simon Gilbertson

#### In visible hands: A multidisciplinary collaborative arts-based research project exploring meanings given by music therapists involved in creative music action in relation to their hands

Tidsperiode: desember 2011-desember 2013  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleiarar: Simon Gilbertson og Jill Halstead

#### Making music: Action, embodiment, health. Locating music as act and activity in contemporary culture

Tidsperiode: oktober 2010-desember 2015 (opphevleg eit postdoktorprosjekt, vert vidareført i Halsteads faste UiB-stilling frå hausten 2012).  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Forskar/prosjektleiar: Jill Halstead

#### Mot et selvstendig liv i felleskap: en kvalitativ studie av musikkterapeutisk praksis i fasen av ettervern innen barnevernet

Tidsperiode: november 2013- juni 2019  
Finansiering: Aleris Ungplan Region Vest  
Forskar/prosjektleiar: Viggo Krüger

#### Music as a bridge between strengths and difficulties: Preventing mental ill-health through early identification and early intervention in adolescence

Tidsperiode: 2012-2014  
Finansiering: Australian Research Council  
Involverte forskrarar: Katrina McFerran (Australia), Christian Gold, Denise Grocke (Australia), Sivi Saarikallio (Finland), Grace Thompson (Australia)  
Prosjektleiar: Katrina McFerran (Australia)

## **Nettverket musikk og eldre: samarbeid om forsking og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre**

Tidsperiode: september 2008-desember 2014  
Finansiering: GC Rieber Fondene  
Innvolerte forskarar: Tone Sæther Kvamme (NMH), Hanne Mette Ridder (AaU), Brynjulf Stige (UiB)  
Prosjektleiar: Brynjulf Stige

### **Perspectives on music therapy theory**

Tidsperiode: august 2010-juni 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleiar: Brynjulf Stige

### **Porten inn, vegen ut. Rockens rolle i musikkterapi innan kriminalomsorga**

(PhD-prosjekt)  
Tidsperiode: februar 2010-februar 2014  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Kandidat: Lars Tuastad  
Hovudretteiar: Brynjulf Stige

### **Psykotiske pasienters erfaringer med musikkterapi (PhD-prosjekt)**

Oppstart: november 2009 (kandidat på deltid, planlagt fullført i 2014)  
Finansiering: Rådet for psykisk helse/Extrastiftelsen  
Kandidat: Hans Petter Solli  
Hovudretteiar: Randi Rolvsjord

### **Sense of relation: An inquiry into the cross-modal and cross-functional nature of the senses in perception and cognition**

Tidsperiode: august 2011-august 2013  
Finansiering: Universitetet i Bergen  
Prosjektleiar: Simon Gilbertson

### **The quality of the relationship as outcome predictor in music therapy with children with autism spectrum disorders**

Tidsperiode: januar 2013-desember 2015  
Finansiering: Helse Vest  
Innvolerte forskarar: Karin Mössler og Wolfgang Schmid  
Prosjektleiar: Wolfgang Schmid

### **Trial of Improvisational Music therapy's Effectiveness for children with Autism (TIME-A)**

Tidsperiode: 2012-2015  
Finansiering: Norges forskningsråd  
Innvolerte forskarar frå GAMUT: Christian Gold, Jörg Assmus, Łucja Bieleninik, Karin Mössler (i tillegg kjem ei lang rekke internasjonale forskarar hjå samarbeidspartnarar i sju forskjellige land).  
Prosjektleiarar: Christian Gold

## Tidsskriftsdrift

### Nordic Journal of Music Therapy (NJMT)

Tidsskriftet var etablert i 1992, med Brynjulf Stige som initiativtakar og første redaktør. Sidan 2006 har Christian Gold vore redaktør. NJMT er på nivå-2 i det norske tellekantsystemet. Tidsskriftet har vore i ei rivande utvikling dei siste åra. Eit samarbeid med Routledge (Taylor & Francis) vart etablert i 2008 og fungerer godt, både i høve til produksjon og distribusjon. GAMUT står som eigar av tidsskriftet og har såleis fagleg kontroll. Tidsskriftet har hatt ein kraftig vekst i impact-faktor og er no det klårt mest siterte forskingstidsskriftet i musikkterapi internasjonalt. Ved slutten av året 2013, gjev redaktør Christian Gold følgjande humoristiske kommentar i leiarartikkelen for årgang 22, nummer 3 av tidsskriftet:

We know that music therapy has a bright future. NJMT's impact factor has just increased to 1.636, whereas that of JAMA [The Journal of the American Medical Association] has decreased slightly. Reckless linear extrapolation (Figure 1) shows clearly that NJMT's impact factor will exceed that of JAMA by around 2050. By then, medical doctors will probably assist music therapists, quantitative research will be seen as a sometimes useful addition to qualitative research, and I will most likely be retired (Gold, 2013, s. 178).

### Voices: A World Forum for Music Therapy

Dette verdsomspennande tidsskriftet og forumet vart etablert i 2001 og er publisert elektronisk, som Open Access. Brynjulf Stige og Carolyn Kenny (USA) var dei første redaktørane og har hatt denne rolla

# Voices

A WORLD FORUM FOR MUSIC THERAPY

Voices er eit internasjonalt forum for musikkterapi med eit fagfellevurdert tidsskrift på nivå 1.

Voices vert publisert som Open Access og er tilgjengeleg frå:


[www.voices.no](http://www.voices.no)

fram til august 2013, då Kenny takka av, saman med Cheryl Dileo (USA), som har vore medredaktør sidan 2010. Tidsskriftet er rangert som eit nivå-1-tidsskrift i det norske tellekantsystemet. Voices sin filosofi er å utvikle eit inkluderande tidsskrift med sterkt vektlegging av sosiale og kulturelle aspekt av musikkterapien. 2013 vart eit viktig år for tidsskriftet, med eit redaktørskifte i august som innebar at Susan Hadley (USA) og Katrina McFerran (Australia) kom inn som medredaktørar, saman med eit allsidig internasjonalt team av artikkelredaktørar. Ut over hausten vart mykje arbeid lagt ned i å vidareutvikle og tydeleggjere tidsskriftet sin profil, og på nettsida presenterer tidsskriftet no seg sjølv på følgjande måte:

[Voices is an] Open Access peer reviewed journal that invites dialogue and discussion about music, health, and social change. The journal values inclusiveness and socio-cultural awareness and has increasingly nurtured a critical edge that refines the focus on cultural issues and social justice. Since its inception in 2001, the editors have been committed to developing an egalitarian and interdisciplinary forum so that multiple voices can be heard ([www.voices.no](http://www.voices.no)).

### Publisering og andre formidlingsoppgåver

Her gjev vi eit oversyn over publisering og annan formidling ved GAMUT. Sjå vedlegg 4 for referansar og detaljar.



Nordic Journal of Music Therapy er eit fagfellevurdert vitskapleg tidsskrift på nivå 2 som kjem ut med to nummer i året.

NJMT vert publisert i samarbeid med Routledge og er mellom anna indeksert i Social Sciences Citation Index®, PsycINFO, RILM og CINAHL

[www.tandfonline.com/rnjm](http://www.tandfonline.com/rnjm)

## Artikkelpublisering

Forskarar frå GAMUT publiserer i nasjonale og internasjonale tidsskrift, med og utan fagfellevurdering, avhengig av målsetjing og målgruppe for publikasjonane. 2013 var eit godt år for artikkelpublisering, der forskarar frå GAMUT var førsteforfattalar på 12 artiklar og medforfattalar på 13 artiklar i internasjonale tidsskrift med fagfelle-vurdering (17 artiklar totalt i internasjonale tidsskrift med fagfelle-vurdering. Det er altså slik at for fleire av desse artiklane er det meir enn ein GAMUT-forskar involvert).

## Annan artikkelpublisering

I 2013 publiserte forskarar frå GAMUT førsteforfattalar eller medforfattalar på 6 artiklar i fag-/bransjetidsskrift, 1 populærvitskapleg artikkel, 4 leiarartiklar i internasjonale tidsskrift, 4 bokmeldingar, og 1 lesarinnlegg.

## Bokkapittel, bøker og avhandlingar

I 2013 publiserte fagmiljøet 3 bokkapittel på norske og internasjonale forlag.

## Foredrag på internasjonale og nasjonale konferansar

I 2013 hadde forskarar frå GAMUT 18 foredrag på vitskaplege konferansar (dei fleste internasjonale, der eitt av desse var ein invitert keynote) og 12 andre faglege foredrag på ulike konferansar og seminar.

## Kurs og foredrag

I tillegg til bidrag på internasjonale og nasjonale konferansar, har dei fagtilsette i GAMUT i 2013 gjennomført foredrag og kursopplegg i ulike samanhengar.

## Film

Filmar er ein viktig del av GAMUT sitt kommunikasjonsarbeid og inngår også som del av fagleg utviklingsarbeid og arts-based research. I 2013 omfatta dette filmen *Becoming Bodies: a screen dance piece*, som er resultat av eit samarbeidsprosjekt mellom vitskap og kunst, basert på arbeidet til 10 forskarar. Filmen spring ut frå forskarar sine narrativ om at kroppar ikkje er objekt med ibuande grenser og eigenskapar, men at kroppar er dynamisk utfaldande "material-diskursive" fenomen. Filmen vart realisert gjennom eit samarbeid mellom m.a Jill Halstead ved Griegakademiet/GAMUT, Beatrice Allegranti ved University of Roehampton, 10 forskarar ved hYbrid: Institute for Cell and Molecular Biology og National Museum of Porto.

## Annan formidling

GAMUT sitt utviklings- og formidlingsarbeid omfattar også kunstnariske innslag og ulike former for medieoppslag, sjå Vedlegg 4 og 5. Samarbeid om seminararrangering Seminar som GAMUT har arrangert eller vore med på å arrangere i 2013 inkluderer:

14. mai: **Ope seminar i "Nettverket musikk og eldre".** Tema: "Musikk, terapi og nevrologiske sykdommer" Førelesarar: Anette Moltubak, Brynjulf Stige, Geir Olve Skeie, Karsten Specht, Simen Krogstie Lagesen, Simon Gilbertson, Wolfgang Schmid, Yves Aubert.
- 18.-21. juni: **Forskarseminar, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies.** Tema: "Multimodalities: Aesthetic Dimensions in Music and Education Practices". Førelesarar: Gert Biesta, Gunther Kress, Helen Julia Minors, Unni Løvliid, Victoria Johnson, Wolfgang Schmid + phd-kandidatar.
- 7.-10. august: **9th European Music Therapy Conference** – 3 ulike seminar/symposium, med NJMT, Voices og TIME-A.
20. september: **25 års jubileumskonferanse for musikkterapistudiet ved UiB.** Tema: "Kvifor musikkterapi?" Bidragsytarar: Kathrine Dahle, Gudmar Eikenes, Anne Lise Fimreite, Manna Frøyland, Simon Gilbertson, Margareth Hagen, Thor Skott Hansen, Anna Helle-Valle, Gun Iversen, Karin Mössler, Hanne Mette Ridder, Christian Rieber, Randi Rolvsjord, Even Ruud, Anci Sandell, Hans Petter Solli, Brynjulf Stige, Kari Støfringsdal, Frode Thorsen, Gro Trondalen, Frode Wikne.
21. oktober: **Ope seminar i "Nettverket musikk og eldre".** Tema: "Ny kunnskap – nye muligheter?" Førelesarar: Anne Sofie Egset, Solgunn Knardal, Maren Ek Knutsen, Tone Sæther Kvamme, Simen Krogstie Lagesen, Hanne Mette Ridder, Øystein Salhus, Wolfgang Schmid, Brynjulf Stige.
- 25.-28. november: **Forskarseminar, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies.** Tema: "Musical Creation and Creativity: Towards New Practices, Processes and Understandings". Førelesarar: Bjørn Kruse, Simon Gilbertson, Tomi Mäkelä + phd-kandidatar.

Slike opne fagseminar er viktige for utvikling av tverrfaglege dialogar og for musikkterapien si nettverksbygging. Det vil difor vere naturleg å vidareføre denne type aktivitet også i 2014.

## DEL 4: PRIORITERTE SATSINGAR OG VIDARE UTVIKLING

### Rammer for utvikling: Behov for auka utdanningskapasitet i musikkterapi

Målsetjingar i utvikling av GAMUT er altså å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå, å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi, og å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren. Som skissert under "Utfordringar" i Del 1, har det over fleire år vore eit høgt arbeidspress på dei UiB-tilsette, knytt til oppbygginga av det femårige integrerte masterstudiet ved UiB. Ei sjette fagstilling ved UiB kjem på plass i 2014, noko som kan bidra til å stabilisere og forbetre situasjonen, slik at ein får føreseielege rammer for utvikling av universitetsforskning i faget. Dette vil i neste omgang ikkje berre styrke universitetsforskinga i faget men også verke positivt inn på Uni Helse sine føresetnader for å utvikle solid musikkterapiforskning. Mot slutten av 2013 spelte fagmiljøet ved GAMUT inn følgjande vurdering i eit notat til leiinga for institutt, fakultet og universitet:

